

Kommunen held att areal

23.01.2009



Kommunen vil halda att snuplass og gangsti. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ynskjet frå Rolf Myklebust i Skorane 41 på Korsnes om kjøp av ein del av kommunal eigedom som tillegg til tomta hans har vore til høyring. Det har då kome merknader frå brukarar og nabo til snuplassen i enden av vegen fram til eigedommen hans.**

Kommunen blir oppmoda om framleis å vera eigar av heile det området som no er snuplass på enden av vegen gjennom byggjefeltet. Denne snuplassen blir mykje nytta av dei som bur i feltet, besøkjande og til dømes SIM sine bilar.

Etter synfaring på området viser det seg at kommunen lyt behalda området fram til tverrgjerdet som Myklebust har sett opp på enden av snuplassen.

Kommunen held også att ei tre meter brei stripe til gangsti for forbindele med kommunalt areal på austsida av eigedommen til Myklebust, opplyser saksbehandlaren.

Av Ola Matti Mathisen